



ÅRSMELDING 2012



La oss gjenvinne meir



Miljøselskapet ÅRIM

ÅRIM (Ålesundregionen interkommunale miljøselskap) har ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall og slam. ÅRIM er eit kompetansesenter som legg vekt på miljøvennleg og effektiv drift. Vi arbeider for å gjøre det enkelt å levere avfallet til riktig behandling og gjenvinning, gjennom betre informasjon og framtidsretta løysingar. Selskapet er eigd av tolv kommunar; Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes, Ørskog og Ålesund, med tilsaman 100 000 innbyggjarar.

Innhald

Eit selskap i utvikling	4
Ny renovasjonsforskrift i Ålesundregionen	5
ÅRIM - eit samarbeid mellom tolv kommunar	6-7
Ansvarsfordeling	8
Dette kostar renovasjonen for 2013	10
ÅRIM tømmer 10 000 slamtankar	12
Farleg avfall	13
Kva i all verda er det vi kastar?	14-15
Meir tilgjengeleg for kundane	16-17
Når vi spør kundane...	18
Føremål	19
Årsmelding	20
Resultatrekneskap	23
Balanse pr 31.12	24
Notar	25
Revisjonsmelding	32
Administrasjonen sin rapport	34
Miljørappport	36
Kontaktinfo	40

Redaksjon:	ÅRIM
Layout:	Spirdesign
Illustrasjon:	Ingvild Mork
Foto:	Vasco Pinhol Peder Otto Dybvik Irene Lovund Istockphoto, Loop
Trykk:	PK Trykk Papir, Cocoon Offset, 100% resirkulert.

Eit selskap i utvikling

I februar 2013 var det fire år sidan tolv kommunar gjekk saman og stifta ÅRIM. I oktober 2011 tok ÅRIM over drifta av renovasjonstenestene. Dei snart hundre tusen innbyggjarane i Ålesundregionen har fått eit løft i tenestetilbodet. Kvar går vegen vidare?

Aukande kjeldesortering

Alle innbyggjarane har no høve til å sortere ut papir og plastemballasje frå restavfallet, og dei fleste gjer det. Det var eit tydeleg ønske frå innbyggjarane om å få på plass betre kjeldesortering i regionen vår, og tilboden blir brukt.

ÅRIM sikrar at papiret og all plastemballasjen som blir sortert ut blir gjenvunne til nye produkt. Mange har nok framleis ein ambisjon om å sortere ut meir drikkekartong og meir plastemballasje enn dei faktisk gjer i dag, men vi er på rett veg.

Betringspotensiale

ÅRIM har også ansvaret for drifta av miljøstasjonane i nærmiljøet der innbyggjarane kan levere glas- og metallemballasje. Her er dekninga noko ulik, i enkelte av kommunane er det framleis for få plassar folk kan

levere glas- og metallemballasje. Vi ser også at innbyggjarane er flinke til å sortere ut glasemballasje, men det er nok ein del som ikkje har fått med seg at rein og tørr metallemballasje, som kattematboksar, telyshaldarar, leverposteboksar og aluminiumsfolie også kan kjeldesorterast.

Stordriftsfordelar kjem

ÅRIM har eit mål om å oppnå stordriftsfordelar gjennom å samordne oppfylling av nye nasjonale krav på avfallsfeltet, gjennomføre felles innkjøp av varer og tenester, og auke kompetansen til dei som tek imot avfallet i regionen. Summen av dette gir tryggare avfallshandtering og betre utnytting av ressursane i avfallet.

Utvikling av bemanna miljøstasjonar

Innbyggjarane reiser til ein bemanna miljøstasjon når dei skal leve avfall



Dagleg leiar, Øystein Solevåg

som ikkje blir henta heime eller levert på nærmiljøstasjonane. Dette gjeld både store gjenstandar som møblar og vindauge, men også miljøfarleg avfall som sprayboksar, malingsspann, lyspærer og batteri.

I dag er tilboda på miljøstasjonane i regionen svært ulike. Innbyggjarane må bruke miljøstasjonen i sin kommune, dei kan ikkje bruke alle stasjonane på tvers av kommunegrensene. Vi opplever også at innbyggjarane ikkje har tilbod om å leve dei same avfallstypene på dei ulike miljøstasjonane. Informasjonen og skiltinga har vore varierande og kanskje for dårlig.

ÅRIM ønskjer at dette skal bli meir samordna, men forventar det vil ta noko tid før dette er på plass. Selskapet arbeider for fullt med å sikre eit betre tilbod for alle innbyggjarane.

JA - eg fekk
ein sjanse til...



Meir effektive med ei renovasjonsforskrift i Ålesundregionen

I dag arbeider ÅRIM etter omlag tjue ulike renovasjonsforskrifter. Alle skal følgjast. I kvardagen betyr dette at selskapet må halde styr på detaljerte skilnader over kommunegrensene. Dette er tidkrevjande, og er ikkje med på å effektivisere eller gi eit betre tilbod for kundane. No er målet ei felles forskrift for alle kommunane i Ålesundregionen.

Arbeider med ny forskrift

ÅRIM har arbeidd med å utvikle ei ny renovasjonsforskrift som skal gjelde for alle kommunane. Med ny forskrift får selskapet like reglar i alle kommunar, noko som vil gi færre avvik, ryddigare kundekontakt, lik informasjon og ikkje minst; eit meir einsarta tenestetilbod i Ålesundregionen. Dette er eit viktig tiltak for å skape ei meir effektiv renovasjonsordning.

Meir myndigkeit til ÅRIM

I tillegg til like reglar, vil ny forskrift gi ÅRIM meir myndigkeit til å utføre oppgåvene selskapet skal utføre. Eit døme er kompostabonnement, som dei fleste kommunane har tilbod om. I dag seier forskriftene at det er kommunen som skal handtere søknad om kompostabonnement. Det betyr at tilsette i kommunen brukar tid på å handtere enkeloppgåver som er ein naturleg del av renovasjonstenesta ÅRIM har ansvar for. Dette, og fleire andre døme, gir uklare grenser for kva oppgåver kommunen skal utføre, og kva ÅRIM skal utføre. Slik dobbel tidsbruk arbeider ÅRIM for å fjerne.

Harmonisering av tilbod

Ved å vedta den nye forskriftena gir eigarkommunane ÅRIM rett til å, på eit avgrensa område, utøve myndighet som etter forurensningsloven er lagt til den enkelte kommune. Ei felles forskrift vil gi ÅRIM eit nødvendig verktøy for å samordne og effektivisere drifta av tenestene selskapet skal utføre.

Forskrift på høyring

Forskrifta var ute på høyring frå mars til september 2012, og deretter ute på ei ytterlegare høyring som vart gjennomført i eigarkommunane.

Ny renovasjonforskrift er gyldig når ho er blitt vedteken i eigarkommunane. ÅRIM har ei målsetjing om ny forskrift frå sommaren 2013.

§ 1 Formål

Forskrifta har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av avfall samt tömming av slamavskiljarar og tette tankar og liknande i kommunane.

Forskrifta har vidare som siktemål, ei likebehandling av abonnentane i dei kommunane som er medlemmer i Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM).

Forskrifta regulerer korleis ÅRIM på vegner av medlemskommunane, skal oppfylla krava til handtering av hushaldsavfall og slam etter forurensningsloven.



ÅRIM - eit samarbeid mellom tolv kommunar

Kommunar og folkevalte som vil påverke retninga ÅRIM går, gjer dette gjennom sin representant i representantskapet. Representantskapet fekk fleire nye medlemmer i 2012.

Nytt representantskap
ÅRIM fekk nytt representantskap i 2012, etter kommunevalet. Fleire av representantane var med frå forrige periode, noko som er med på å sikre kontinuitet. Selskapet fekk også fleire nye politikarar inn, deriblant ordførar Geir Ove Vegsund frå Sula, som vart valt til ny leiar.

Kommunane styrer gjennom sine representantar
Styret i ÅRIM arbeider etter selskapsavtalen og vedtak frå representantskapet. Politiske føringar og styringssignal frå kvar kommune må bli behandla og komme som formelle vedtak i representantskapet. Det er difor viktig at styringsignalen frå representantskapet er tydelege og i tråd med selskapsavtalen. Det er også viktig at det er god informasjonsdeling mellom kommunen og representanten, og at kommunane brukar sin representant til å tale si sak.

Representantskapet si myndigkeit
Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. ÅRIM har minst to årlege møter med representantskapet der organet behandler selskapet sin rekneshap, budsjett og økonomiplan, og andre saker som etter lova eller selskapsavtalen skal behandlast i representantskapet. Alle kommunar har ein, bortsett frå Ålesund som har fem, representantar.

MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET I 2013


Olav Sindre Roald	Giske kommune
Bjørn Sandnes	Haram kommune
Bjørn Inge Ruset	Norddal kommune
Hans Endre Sæterøy	Sandøy kommune
Terje Vadset	Skodje kommune
Charles Tøsse	Stordal kommune
Jan Ove Tryggestad	Stranda kommune
Geir Ove Vegsund (leiar)	Sula kommune
Petter Lyshol	Sykylven kommune
Geir Inge Lien	Vestnes kommune
Thorbjørn Fylling	Ørskog kommune
Trond Herje	Ålesund kommune
Haldor Sæther	Ålesund kommune
Monica Molvær	Ålesund kommune
Knut M Fylling (nestleiar)	Ålesund kommune
Anne Kristin Bryne	Ålesund kommune

Representantskapet, nedst f.v.:
Geir Ove Vegsund (Sula),
Martin Kjøpstad (Vestnes),
Bjørn Inge Ruset (Norddal),
Knut M. Fylling (Ålesund),
Olav Sindre Roald (Giske),
Svein Harsjøen (Haram),
Petter Lyshol (Sykkylven),
Trond Herje (Ålesund),
Hans Endre Sæterøy (Sandøy),
Thorbjørn Fylling (Ørskog),
Terje Vadset (Skodje),
Charles Tøsse (Stordal),
Monica Molvær (Ålesund),
Anne Kristin Bryne (Ålesund).

ÅRIM mottok den triste meldinga om at nestleiar i styret, Elbjørg Gui Standal, døydde 6. februar 2013. Elbjørg var ein arbeidssam styremedlem som tilførte styret verdifull erfaring og kunnskap, blant anna om økonomi og styret si rolle. Elbjørg, med si engasjerte innstilling, har vore sterkt medverkande i arbeidet med å etablere og utvikle ÅRIM. Elbjørg har vore styremedlem sidan oppstart i 2009.

ÅRIM har ansvar for innsamling, gjenvinning og behandling av hushaldsavfall og slam. Etter at selskapet tok over tenestilbodet i oktober 2011, har kommunane sine oppgåver gradvis blitt ført over til ÅRIM. Men det er framleis ei ansvars- og oppgåvefordeling mellom ÅRIM og kommunene.

Ansvarsfordeling av oppgåver:



Illustrasjon: Designer Ingvald Mørk



ÅRIM SITT ANSVAR

INNSAMLING AV AVFALL

ÅRIM henter restavfall, papir og plast-emballasje heime hos knapt 40 000 kundar i Ålesundregionen. I nokre av kommunane tilbyr selskapet hytterenovasjon. ÅRIM har også eit tilbod til næringskundar.

SYTTI NÄRMILJØSTASJONAR

I dei tolv kommunane står omlag sytti nærmiljøstasjonar som ÅRIM tømmer, held i stand, ryddar og måkar rundt. Her kan innbyggjarane levere inn glas og metall, sko og klede.

BEHANDLING OG GJENVINNING AV AVFALL

Restavfallet blir sendt til forbrenning på Grautneset og blir til varme. Sju av kommunane har avtale med Tafjord Kraftvarme sjølv. Fem av kommunane

har avtale med Tafjord Kraftvarme gjennom ÅRIM.

Papp og papir blir sortert og brukt til fleire formål. Bølgepapp blir selt til fabrikkar på kontinentet som brukar denne til ytterlaget i ny bølgepapp. Blad og aviser blir dels send til Norske Skog i Skogn og brukt til produksjon av avisepapir der, dels brukt til produksjon av emballasjekartong på papirfabrikkar i Nord-Europa.

Plastemballasjen blir sendt til plast-sorteringsanlegg i Tyskland og Sverige og blir brukt i ny plast eller andre produkt.

Glas- og metallemballasje blir henta og sendt til Syklus sitt gjenvinningsanlegg i Fredrikstad. Gjenvunne glas blir til både Glaspor skumglass, Glava isolasjon og det blir eksportert til glasverk

i Europa der det blir laga nye glasprodukt. Metall og aluminium går direkte til Norsk Gjenvinning, som sel og eksporterer dette til smelteverk i inn- og utland.

Klede og sko blir samla inn av frivillige organisasjonar som Fretex og Uff. Gjenbruk av klede gir klede lengre liv og er med på å minske forbruket. Fretex og UFF har sal av klede gjennom eigne butikkar, men sel også klede på den globale "second hand-marknaden".

TØMMING OG BEHANDLING AV SLAM

ÅRIM har ansvar for å tømme ulike typar slamtankar i Ålesundregionen, omlag 10 000 tankar. Ved tømming blir slammet avvatna med ein gong slik at slambilen berre tek med det avvatna slammet vidare. Alt avvatna slam blir kompostert.

FARLEG AVFALL

ÅRIM har fått ansvaret for behandling av det farlege avfallet frå 2013.

INFORMASJON, KUNDESERVICE OG FAKTURERING

ÅRIM har ansvar for all dagleg kundekontakt, avviksmeldingar, gebyrføring og oppfølgjing, og tek hand om alle dunkbestillingar og utstyrsendringar. Vidare skal alle kundar fakturerast på grunnlag av abonnementet dei har. ÅRIM sender komplett og kvalitetssikra fil med fakturaopplysingar til kvar kommune.

Selskapet har også eit aktivt informasjonsarbeid for å auke kunnskap om kjeldesortering og miljøvennlig avfallshandtering til fleire ulike målgrupper.

KOMMUNEN SITT ANSVAR

NYE GARDS- OG BRUKSNR, FRITAK, KOMPOST OG FAKTURERING


Kommunen har ansvar for drift av bemanna miljøstasjonar og kommunale hageavfallsmtottak. Her kan kundane levere alle typar avfall til forsvarleg behandling. Tilboda på miljøstasjonane i regionen er noko ulike når det gjeld avfallstypar, betalingsordning og opningstider.

Planen er at ÅRIM skal ta over ansvar for denne delen av renovasjonstilbodet.

MILJØSTASJONAR OG HAGEAVFALLSMOTTAK

Kommunane har ansvar for drift av bemanna miljøstasjonar og kommunale hageavfallsmtottak. Her kan kundane levere alle typar avfall til forsvarleg behandling. Tilboda på miljøstasjonane i regionen er noko ulike når det gjeld avfallstypar, betalingsordning og opningstider.

Dette kostar renovasjonen for 2013



Innbyggjarane i ÅRIM-kommunane betaler samla om lag 100 mill for renovasjonstenestene. Dette er betaling for henting av avfall henta heime hos folk, bruk av nærmiljøstasjonar og bemanna miljøstasjonar, og alt som følgjer med av oppgåver for å administrere dette. Totalt går 60 % av renovasjonskostnadane til å finansiere tenestene ÅRIM har ansvar for. Resten dekker kostnadene kommunane har for sine oppgåver innan hushaldsrenovasjon.

Renovasjonsgebyra i ÅRIM
Renovasjonsgebyret i Ålesundregionen varierer i 2013 frå 2 190 til 3 552 kr på eit standardabonnement. Det er mange faktorar som spelar inn når desse



Pris for forbrenning

I 2013 er denne berekna til kr 455,- pr standard-abonnement.

Alle kommunar i ÅRIM har avtale om forbrenning hos Tafjord Kraftvarme AS. Pris pr tonn har vore lik for alle kommunar og blir lagt på gebyret til kvar husstand.

skilnadane skal forklara om lag 100 mill for betaling kan først og fremst delast i to:

1. ÅRIM sin del av gebyret

ÅRIM tek lik pris for lik teneste. Gebyret frå ÅRIM har tre ulike prisar ut. Prisen er avhengig av kva tenestetilbod den enkelte kommune har bedt om.

Kr 1 796,- ÅRIM-pris til kommunar som har avtale om forbrenning gjennom ÅRIM

Kr 1 341,- ÅRIM-pris til kommunar som har avtale om forbrenning med Tafjord Kraftvarme AS sjølve.

Kr 1 469,- ÅRIM-pris til Sula som har avtale med Tafjord Kraftvarme sjølve og betaler ekstra for fri henteavstand (kr 1 341 + henteavstand kr 128,-)

Gebyr frå ÅRIM dekker (sjå ill. s 8-9):

- innsamling av avfall
- 70 nærmiljøstasjonar
- behandling og gjenvinning av hushaldsavfall
- behandling av farleg avfall
- føring av gebyr og abonnementsendringar
- informasjon, kundeservice, fakturering
- utstyr og vedlikehald
- kontroll, rapportering, administrasjon

2. Kommunen sin del av gebyret

Kommunen legg så til sin del av gebyret. Storleiken på denne summen varierer mellom kommunane, men skal dekke kostnadene kommunen har ved tenestetilbodet. Det er kvart kommunestyre som vedtek kva det endelige renovasjonsgebyret til abonnentane blir, på grunnlag av det samla kostnadsbildet til ÅRIM og kommunen.

Gebyr frå kommunen dekker:

- legge inn nye gards- og bruksnr
- behandle søknadar om fritak og kompost
- fakturering av abonnentane
- bemanna miljøstasjonar
- hageavfallsmtakk
- administrasjon

Kommunens betalingsordning for bruk av miljøstasjonen pregar gebyra

Nokre av kommunane tek betalt for bruk av miljøstasjon ved levering av avfall.

Nokre tek betalt over gebyret. Der er også kommunar som har ein kombinasjon av desse to modellane. Desse variasjonane gir ulike utslag på renovasjonsgebyret.



Standardabonnement - Dette er det mest vanlege abonnementet i regionen.

Gebyra vi samanliknar gjeld pris for:

Fond

Etter 2011 og 2012 hadde ÅRIM eit samla utjanningsfond på 17,9 millionar kroner. Dette er abonnentane sine pengar og skal tilbakeførast i løpet av ein periode på 3-5 år.

Representantskapet vedtok at 8 millionar av fondet skulle brukast, eller tilbakeførast, i 2013. Dette utgjorde ein prisreduksjon i renovasjonsgebyret på kr 157,- pr abonent, på ÅRIM sin del av gebyret i 2013.

Resten, 7,1 millionar kroner, står som fond i 2013.

Prisutvikling

Frå 2012 til 2013

ÅRIM reduserte pris pr standardabonnement til kommunen frå kr 1 498,- til kr 1 341,- Kommunane hadde følgjande utvikling i sine gebyr ut til abonnenten:

	2012	2013
Ålesund	2 131	2 230
Ørskog	3 552	3 552
Norddal	2 838	3 008
Stranda	3 479	3 271
Stordal	2 619	2 723
Sykylven	3 404	3 404
Skodje	2 313	2 660
Sula	3 009	3 009
Giske	2 300	2 400
Haram	2 536	3 398
Vestnes	2 650	2 650
Sandøy	1 889	2 190

ÅRIM tømmer 10 000 slamtankar

Ti tusen husstandar i Ålesundregionen har slamtankar; separate avløpsanlegg, tette tankar, minirenseanlegg eller er tilknytt kommunale slamavskiljarar. ÅRIM har ansvar for tømming og behandling av slammet i desse tankane.


ÅRIM gjennomførte i 2012 offentlege konkurransar om oppdraget med å samle inn og behandle slammet. Miljøservice AS blei tildelt kontraktane. Miljøservice har utført tenesta tidlegare i fleire av kommunane, og dei er difor godt kjente i regionen

At tenesta no er i ÅRIM-regi vil ikkje vere særleg merkbart for kundane. Forskjellen er først og fremst at kundane no skal ta kontakt med ÅRIM, ikkje kommunen. Det er ÅRIM som har det daglege arbeidet med kundekontakt, gebyrføring, kontraktsoppfølgjing og tenestetilbodet forøvrig.



Kva skjer når slammet blir tømt?


1. Slambilen tømmer innhaldet i slamavskiljaren



2. Slam og vatn blir fråskilt. Avvatna slammasse blir att i eige kammer på bilen.



3. Vatnet blir pumpa tilbake i slamavskiljaren.



4. Når bilen er full blir slammet tippa på miljøstasjonane i Giske, Sandøy Vestnes og Ålesund, samt Miljøservice sitt anlegg i Nordfjord.



Denne metoden er meir miljøvennleg enn å frakte alt slammet, uavvatna, til renseanlegg.

Slammet blir lagt i rankar og blanda med grov flis. Ferdig kompost blir brukt til alt frå hagejord til dekkmasse.

ÅRIM har tatt over ansvaret for farleg avfall

Alle kommunar må ha ei ordning for mottak av farleg avfall frå hushald og bedrifter med mindre mengder farleg avfall. ÅRIM tok over dette ansvaret 1. januar 2013.

ÅRIM inngår nye avtalar

Kommunane har hatt ansvar for mottak og handtering av avfall fram til ÅRIM tok over dette ved årsskiftet. No har ÅRIM ansvaret for alle avtalar om behandling av farleg avfall frå dei bemannata miljøstasjonane i Ålesundregionen. Dette inkluderer kostnader for henting, behandling og transportemballasje. ÅRIM vil fornye og inngå nye avtalar første halvår i år. Løns- og anleggskostnader er framleis kommunen sitt ansvar.

Nye krav frå styresmaktene

I dag er alle kommunar pliktige til å ta imot 400 kilo pr husstand kvart år. I nær framtid vil denne grensa truleg auke til 1000 kilo. Dei nye krava seier også at hushald som leverer farleg avfall ikkje skal betale ved levering, kostnadene skal leggjast på renovasjonsgebyret. ÅRIM er difor

førebudde på at den varsla endringa kan føre til auke på renovasjonsgebyra i landsbasis. Næringskundar må betale for det tenesta kostar, ved levering.

Fornuftig med trinnvis overføring av ansvar

I prosessen kommunane og ÅRIM har med miljøstasjonane framover, er overføringa av ansvarsområdet med på å gi ÅRIM god informasjon om oppgåver og arbeidsforhold elles på miljøstasjonane. ÅRIM ser det difor som positivt at selskapet har tatt over ansvaret for farleg avfall allereie no. Ei trinnvis overføring av ansvar og oppgåver gir god kontroll.

Nasjonal kampanje om farleg avfall neste år

Avfall Norge har starta arbeidet med å utvikle ei nasjonal kampanje om farleg

avfall for 2014. Kampanjen skal, gjennom auka bevistgjering, føre til meir utsortering og betre sortering av farleg avfall.

ÅRIM tek del i utviklingsarbeidet, og meiner det er fornuftig å gjere nokre lokale grep i arbeidet med det farlege avfallet på miljøstasjonane, i forkant av kampanjen som kjem.

Farleg avfall - eit prioritert område

Det er viktig både for kommunane og kundane å vite at farleg avfall har forsvarleg mottak og behandling. Det er dette avfallet som gjer mest skade på miljø, dyr og menneske ved feil handtering. Å få god kontroll, byggje opp kompetanse, og sikre eit godt system for mottak for farleg avfall er difor eit prioritert område.



Farleg avfall er det avfallet som ikkje skal handterast saman med anna avfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.

Døme på farleg avfall er måling, lim, lakk, kjemikaliar, impregnert trevirke, vindauge, cellegummi, golv- og takbelegg, asbest og anna byggavfall. EE-avfall (avfall det går straum gjennom) er ikkje i denne avfallsgruppa.

Kva i all verda er det vi kastar?

Ein av fire matvareposar går rett i søpla. Desse ressursane utgjer årleg halvparten av innhaldet i restavfallsdunken din. Miljøfarleg avfall finn vi små mengder av når vi analyserer avfallet, men dette utgjer derimot mykje større fare for folk, dyr og natur.

Vi kastar god mat

ÅRIM har utført ei plukkanalyse, som viste at meir enn halvparten av avfallet vi kastar er mat.

- At vi kastar så store mengder mat av god kvalitet er tankevekkande, seier Lars Fugledal, driftsleiar i ÅRIM. Over halvparten av maten som var kasta var fullt spiseleg.

Mengde mat som blir kasta i Ålesund-regionen er noko høgare enn nasjonale tal, som viser at kvar nordmann årleg kastar om lag 51 kilo. Vi kastar særleg ferske bakervarer, frisk frukt og grønnsaker. Undersøkingar viser at det blant anna er usikkerheit om dei ulike ordningane for datomerking som forklarer kvifor folk kastar mat. Særleg unge vaksne er ikkje kjent med kva «best før» og «siste forbruksdag» betyr.

- Forbrukaren kan nok i større grad støle på det dei ser, luktar og smaker, seier

Fugledal. Vi fann både heile brød, uåpna kyllingfilètar og friske epler.

- Med tanke på både ressursutnytting, kostnader og ikkje minst miljø, er dette ein avfallstype både ÅRIM, kunden og dagligvarebransjen må arbeide for å redusere framover.

Meir miljøfarleg avfall må til gjenvinning

Kvar person kastar 0,45 kilo farleg avfall og 1,2 kilo ee-avfall (elektrisk og elektronisk avfall) i dunken. Desse avfallstypene er viktige å få ut av restavfallet.

- Sjølv om mengda er lita, er konsekvensane av å handtere miljøfarleg avfall feil, store, fortel Fugledal. Folk som handterer avfallet blir utsett for miljøgifter og omnane som brenn restavfallet har ikkje ein temperatur som er meint for denne type avfall. Vi får heller ikkje utnytta ressursane i dette avfallet på ny når dei går i dunken.

I plukkanalyisen fann ÅRIM blant anna småelektronikk, lyspærer og batteri.

- Vi må få meir miljøfarleg avfall til forsvarleg behandling. Plukkanalyisen avdekte at folk kastar både sparepærer og lysstoffrør, som inneheld kvikksølv.

Vi fann også mykje batteri. Denne type avfall er enkelt å bli kvitt i alle butikkar som sel denne type artiklar eller på miljøstasjonen.

Plukkanalyse gir kunnskap

Plukkanalyisen viser ÅRIM korleis folk faktisk handterer avfallet sitt. Slik er analysen med på å avdekke kva kundane treng meir informasjon om, og om der er delar av avfallstenesta som ikkje fungerer godt nok.

- Slike plukkanalyser vil bli gjennomført jamnleg for å gi reell kunnskap om kundane si avfallshandtering og endringar i denne avsluttar Fugledal.

60 % av det vi kaster er matavfall!



I 2012 kasta kvar person alt i alt 416 kilo avfall



27 kg treverk



6 kg plastemballasje



54 kg grovavfall



11 kg farleg avfall



10 kg EE-avfall



30 kg grein og hageavfall



7 kg glas- og metallemballasje



16 kg metall



205 kg restavfall



50 kg papp/papir


Kjeldesorter batteri

Alle vanlege batteri som brukast i heimar skal leverast inn til forhandlarar eller miljøstasjonar. Ingen batteri skal i restavfallet.

Tidlegare var det lov å kaste vanlege hushaldsbatteri utan miljøgifter i restavfallet. Men få veit kva for batteri som er heilt giftfrie og kan kastast, og kva for batteri som ikkje er det. For å hindre at miljøskadelege batteri hamnar i restavfallet, har det no kome nye reglar som gjer det lettare å hugse kva vi skal gjere med brukte batteri:

Absolutt alle batteri skal leverast til miljøstasjonar eller batteriforhandlarar, som har plikt til å ta i mot batteria gratis.





"Du snakkar med Eva i ÅRIM. Kva kan eg hjelpe deg med"

ÅRIM har etablert ei kundeavdeling som har ansvar for å gi 40 000 kundar gode svar på spørsmål om renovasjon og kjeldesortering. Personar som tek kontakt med ÅRIM skal få ei positiv kundeoppleving.

mykje kome på plass og alle kunde- og abonnementedata ligg no i eitt system.


Frigjort tid i kommunane
ÅRIM stiller høge krav til kvalitetssikring og har utarbeidd gode prosedyrer på oppgåvane selskapet har ansvaret for. No som folka, systema og kunnskapen i stor grader på plass vil kommunane oppleve at dei får frigjort tid og ressursar. Oppgåvane dei tidlegare har utført, blir utført av ÅRIM.

Meir tilgjengeleg for kundane

ÅRIM har flytta i lokaler som er lett tilgjengeleg for innbyggjarar i heile regionen. Lokala ligg nær busstasjon og Moa, i eit område der mange frå alle kommunane våre ferdast. No er selskapet lettare å finne og stikke innom. Her får kundane informasjon, plastekkar og muligkeit til å gi tilbakemeldingar på renovasjonstenesta. Dei nye lokala ligg på Daaeskogen, ved rundkøyringa på Moa, nær biblioteket, Statoil og Burger King. Kom gjerne besøk.

WEB OG SOSIALE MEDIER

Bli ven med Miljøselskapet ÅRIM



ÅRIM arbeider for å halde websida godt oppdatert med informasjon, nyhende og aktuelle driftsmeldingar.

Vi er også på Facebook, der vi deler meir uformelt og dagsaktuelt innhald, samt driftsmeldingar. Her kjem vi i dialog med kundar og omverda forøvring. ÅRIM får opne innspel av ulik karakter, og kundane får tilbakemeldingar som og er aktuelle for andre. Denne tovegskommunikasjonen krev at ÅRIM er til stades og gir opne svar, noko som er positivt både for kundar og selskap.

Du kan bestille SMS- og e-postvarsling



Å hugse tidspunktet for kva veke og kva dag papiret og plasten blir henta er ikkje alltid like lett. SMS-varsling er difor eit tilbod som gir ei god påminning i ein travel kvardag.

Tenesta gir fordelar både for kundane og ÅRIM. Selskapet har fått gode tilbakemeldingar frå dei som har oppdaga tenesten, dei seier det er kjekt å få melding kvelden før avfallet blir henta slik at dei får fyllt papirdunka

og gjort klar plastekken i god tid. På samme tid er det eit mål å minske tal på avvik og henvendelsar som ÅRIM må handtere. Det oppnår vi blant anna når fleire set fram avfallet til riktig tid.

Talet på personar som brukar tenesten aukar for kvar gong vi informerer om det. Tilbodet kostar kundane 1 krone pr melding. Dei kan og bestille e-postvarsle som er gratis. Bestillingsinformasjon ligg på arim.no.



Haldning til plastinnsamling

84 % er positive
12 % er nøytrale
4 % er negative

Kjeldesortering

88 % kjeldesorterer plast
97 % sorterer papp og papir
62 % sorterer drikkekartong
84 % sorterer glas og metall
86 % sorterer farleg avfall

Tala er basert på kundane sine utsagn i undersøkinga gjennomført av Barometer, sommaren 2012.

"Vi er nok ein gjennomsnittleg familie når det gjeld kjeldesortering, og kan bli flinkare"

- Familien Vebenstad, Ålesund

Når vi spør kundane...

2012 var ÅRIM sitt første heile driftsår. Selskapet er altså framleis i ei tidleg utviklingsfase. I denne fasen er det særleg viktig å lytte til kunden; Korleis opplever du tenestetilbodet? Kva oppfattingar har du? Kva kan vi bli flinkare på? Selskapet gjennomførte ei brukarundersøking i eigarkommunane, sommaren 2012. Svara kundane gir, er med når selskapet tek stega vidare.

Positive til kjeldesortering

Kundeundersøkinga ÅRIM gjennomførte sommaren 2012, viste at innbyggjarane er positive til at det blir lagt til rette for kjeldesortering av avfall. På spørsmålet; kva er di haldning til at det blir lagt til rette for kjeldesortering og gjenvinning av avfall, svarte 90 % på den positive sida av skalaen. Dette er svar som viser at selskapet er på rett veg.

Fornøgde med renovasjonstenesta

Det var også gledeleg å sjå tilbakemeldingane på opplevinga av tenestetilbodet frå folk som bur i kommunane, kundane. På spørsmålet om kor fornøgde folk er alt-i-alt med renovasjonstenesta i sin kommune, svarte 89 % på den positive sida av skalaen. Vi oppfattar dette som at storparten er fornøgde med renovasjonstenesta.

Varierande tiltru til at avfallet blir resirkulert og gjenvunne

Undersøkinga gir også svar på område selskapet har ein jobb å gjere. 65 % har varierande tiltru til at avfallet dei sorterer faktisk blir resirkulert og gjenvunne. Når vi vidare spør den skeptiske delen av gruppa, er det tilSAMAN 62 % av desse som trur at det kjeldesorterte avfallet blir blanda etter innsamling. Fleire trur at alt avfall går i samme forbrenningsomn eller blir kasta på samme fylling. Tilsvarande myter møter vi også i nasjonale undersøkingar.

Tiltru til at renovasjonstenesta fungerer påverkar motivasjonen til å kjeldesortere og handtere avfallet riktig. Desse haldningane må ÅRIM arbeide for å snu.

Samarbeid mellom kommununane er bra

Vi var også spente på kva innbyggjarane meiner om at renovasjonstenesta no blir

utført av eit interkommunalt selskap. Vi stilte spørsmålet "miljøselskapet ÅRIM er eit samarbeid mellom 12 kommunar. Synest du det er positivt eller negativt at din kommune er ein del av eit interkommunalt samarbeid når det gjeld renovasjon?". Her svarte 81 % på den positive delen av skalaen.

ÅRIM lyttar til kundane og omverda

I kvardagen er vi lyttande til alle typar tilbakemeldingar frå kundar og omverda. Erfaringsmessig er folk tydelegare og meir ivrige på å gi tilbakemelding når dei er misnøgde eller kritiske.

Spørjeundersøkingar som går i breidda er difor med på å nyansere og gi eit meir fullstendig bilet av oppfattinga og opplevinga omverda har. Dette er svært nyttig for eit nyoppstarta selskap i utvikling.

Det blir gjennomført ei breiare og meir omfattande kundeundersøking i 2013.

Føremål

UTFØRE

lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam

FOKUSERE

miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga

AVGJERE

kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap

TILBY

handtering av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg

VERE

rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane

DRIVE

aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling

SØKE

samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap

BISTÅ

andre oppgåver

ÅRSMELDING

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM) er eit avfallsselskap eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg på Moa i Ålesund kommune.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS utfører dei lovpålagte oppgåver medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet gir tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet legg vekt på miljøvennlig drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. Selskapet er eit rådgivande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og driv eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennlig avfallsbehandling.

ÅRETS AKTIVITET

Selskapet har heile året hatt ansvaret for innsamling av restavfall, papir og plastemballasje frå alle hushaldskundar og næringskundar i regionen. Selskapet overtok frå 1. januar 2012 ansvaret for innhenting og utsetting av dunkar samt drift av alle ubemanna miljøstasjonar. Selskapet tok frå same dato også over ansvaret for slamtømminga i ni av kommunane. Ansvaret for kundekontakten er flytta frå kommunane til ÅRIM. Selskapet har i løpet av 2012 etablert eit kundesenter som har ansvar for den daglege kundekontakten på telefon, e-post, web og sosiale medier. Kundesenteret har arbeidd med rutiner for respons og kundebehandling, noko som har styrka kommunikasjonen med kundane. Internt i selskapet har det blitt arbeidd med å få på plass eit fungerande abonnementssregister / fagsystem, samt rutiner for rydding av ubemanna miljøstasjonar, hyttepunkt osb. ÅRIM har bytta ut ein del innsamlingseininger på returpunkt samt auka kapasiteten på hytterenosjon. Det har også vore nødvendig å gjennomføre nye anbodskonkuransar for innsamling av avfall og slam.

FRAMTIDIG AKTIVITET

Utviklinga i inntekter og kostnader framover er påverka av fleire faktorar. Det som er utanfor ÅRIM sin kontroll er mellom anna prisar på råvarer som restavfall, papir, papp, plast, glas og metall. Utviklinga i innsamlingskostnaden, både for avfall og slam styrast av kostnadsutviklinga i transportindeks for toaksla renovasjonsbil. ÅRIM sitt mål er å drive så kostnadseffektivt som mulig samtidig

som ein tek miljøomsyn. Det viktigaste for å få på plass dette er at oppgåver gjerast ein gong, gode støttesystem, likt tenestetilbod, enkle tenester og fokus på hovudtenestene.

Fra 2014 er intensjonen at ÅRIM skal overta ansvaret også for dei bemannu miljøstasjonane. Selskapet har behov for å få oversikt over kostnadene ved dagens drift for å kunne fastslå framtidige kostnader ved dette.

RESULTAT OG UTVIKLING

Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 81 056 717 kroner i 2012 mot 34 549 523 kroner i 2011. Av inntektene kom 74 135 950 kroner frå tenester som blei levert til eigarkommunane. I tillegg var finanspostane positive med 707 845 kroner.

Kostnader

Driftskostnadene for året var 65 033 752 kroner, mot 29 577 163 kroner i 2011. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 53 906 626 kroner. Kostnadane til løn og honorar var 4 860 708 kroner, mot 2 749 202 kroner i 2011.

Resultat

Resultat er 15 914 710 kroner etter skatt, mot resultatet 5 310 887 kroner i 2011. Budsjettet resultat var på 1 453 627 kroner. Resultatetringa i forhold til budsjett skuldast i hovudsak at selskapet hadde lågare kostnader til administrasjon og drift enn forventa.

Investeringar

Selskapet investerte for totalt 1 474 884 kroner i 2012. Det vart i hovudsak investert i innsamlingsutstyr. Det er tatt opp eit lån for å finansiere investeringane. Investeringane blei finansiert med likvidar inntil lånet vart utbetailt i 2013. Lånet for investeringane vart først klart i januar 2013 grunna lang saksbehandling.

Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2012. I 2013 er det budsjettet med underskot. Likviditeten i 2013 er venta å vere tilfredstillande.

Næringsverksemnd og skatt

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldavfall og slam) og tenester som ikkje er sjølvkosttenester. Det kan ikkje vere kryssubsidiering mellom tenestene. For ÅRIM er ikkje renovasjon til næringskundar ein del av sjølvkosttenestene. Dei inntekter og kostnadar ikkje kan føra til direkte til ei av tenestene blir dei fordelt basert på nøklar. Nøklane er basert på dunkvolum tømd, talet på kundar og administrasjonen

sin tidsbruk. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Resultatet for næringsverksemda var i 2012 før skatt 2 914 756 kroner. Etter skatt var resultatet 2 098 656 kroner for næringsrenovasjon.

Analyse

Resultatet for selskapet er vesentleg betre enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold. For inntektene er dei viktigaste punkta at papir og plast var budsjettet som netto inntekt (inntekter - kostnader). Det er i regnskapet ført brutto. Totale salsinntekter er rekneskapsført, tilsvarende er sorteringskostnadene ført som varekost. Det var budsjettet med behandling av slam i fleire kommunar. Etter budsjettet blei vedteke blei selskapet samd med flere kommunar om at dei skulle handtere dette sjølv i 2012. Dette gir ingen resultateffekt då dette reduserte varekost tilsvarende.

Varekost var under budsjett. Dette skuldast at det var mindre behov for innkjøp av dunkar enn budsjettet. ÅRIM reduserte lageret av dunkar i forhold til 2011. I tillegg var det budsjettet med 8,9 millionar kroner i slambehandling kommunane handterte sjølv.

Personalkostnad er lågare enn budsjett. Når det gjeld driftskostnader er grunnen til innsparinga at selskapet ikkje er der det forventa å vere etter budsjettet. ÅRIM har ikkje fått gjort alt selskapet hadde planlagd og ting tek lengre tid enn føresett. Arbeid med uforutsette oppgåver har gjort at administrasjonen har utsett oppgåver. Det var ikkje mogleg å "ta igjen" alle oppgåvene som var planlagde, og det har difor blitt eit mindreforbruk i høve budsjettet for 2012. Ein del av innsparingane skuldast også usikkerheit rundt oppgåvene som skulle gjerast og kva desse faktisk ville koste. Dei store anbodsprosessane og det meirarbeidet som desse har ført med seg, har blitt gjennomført innanfor budsjett.

Talet på kundar

ÅRIM fakturerer kommunane basert på dunkvolumvurderingane, og ikkje talet på abonnentar. I budsjettgrunnlaget var kvalitetten av varierande kvalitet. Det er arbeidd mykje med å kvalitetssikre datagrunnlaget, dvs tal og storleik på dunkar som ÅRIM faktisk tømmer.

FINANSIELL RISIKO

Den finansielle risikoene som følgje av renteendringar er låg. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet har blitt forbetra i løpet av året. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er tilfredsstillande til å handtere dei oppgåvene selskapet utfører. Sidan kostnadane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoene knytt til framtidige resultatet i ÅRIM vere liten. Grunna lang saksbehandlingstid tid hos Fylkesmannen og långjevarar vil investeringar ta lang tid fra planlegging til gjennomføring om selskapet ikkje nyttar fri

likviditet til å finansiere investeringane frå tidspunkt for behov til lånefinansiering er på plass.

MARKEDSRISIKO

ÅRIM sine kostnader og inntekter er avhengig av råvareprisen på avfall. Dette gjeld restavfall, papir og plastemballasje sjølv om selskapet har langsiktige avtalar på desse avfallstypene. Prisen for papir blir fastsett ein gong i året basert på EUWID-indeksen. For 2013 betyr dette ein nedgang på 30 % i prisen per tonn for papir. For andre avtalar selskapet har er prisutviklinga knytt til utviklinga i Konsumprisindeksen og Indeks for toaksla renovasjonsbil frå Statistisk Sentralbyrå.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

ÅRIM har i 2012 gjennomført plukkanalyser av restavfall. Avfallet i restavfallsdunken til eit tilfeldig utval hushaldsabonnenter er gjennomgått med sikte på å identifisere kva avfallstypar som havnar i restavfallsdunken og kor mykje av dette som eventuelt kunne vore gjenvunne. Arbeidet med den nasjonale Avfallskonferansen i regi av AvfallNorge, som blir arrangert i Ålesund 4. – 6. juni 2013, har pågått heile året. Det er Avfallsforum Møre og Romsdal som er lokal arrangør, ÅRIM tek del i fleire arbeidsgrupper.

YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastinga på tre felt: 1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning. 2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM. 3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga av administrasjonen og drifta av selskapet sjølv. I drifta av selskapet i 2012 er det innsamlingsarbeidet samt gjenvinning av restavfall som har hatt størst negativ miljøverknad.

ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

Selskapet er knytt til ei verne- og helseteneste. Det blei i 2012 utarbeidd ein handlingsplan for HMS-arbeid i ÅRIM med vekt på å førebygge sjukdom og auke trivsel. Alle tilsette gjennomførte førstehjelpskurs. Det blei hausten 2012 gjennomført eit program leia av eit eksternt firma for å kartlegge arbeidsmiljø og trivselsfaktorar. Her kom det fram at eksisterande kontorlokale ikkje dekte selskapets krav til godt arbeidsmiljø. Selskapet flytta inn i nye kontorlokale i starten av 2013. Ved framlegginga av årsrekneskapen blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje registrert skadar eller ulukker, verken personskadar eller materielle skadar.

ÅRSMELDING

RESULTATREKNESKAP

PERSONAL

Ved utgangen av 2012 var det sju tilsette i selskapet, tre menn og fire kvinner. Totalt hadde selskapet 6,5 årsverk i 2012, dette inkluderer innleidt vikar bistand. Det vart tilsett tre medarbeidarar i 2012, ein driftsleiar og to kundekonsulentar. Sjukefråværet i 2012 var tre arbeidsdagar, eit fråvær på 0,3 prosent.

LIKESTILLING

Styret har i 2012 hatt fire menn og tre kvinner. Selskapet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral. Det er ikkje planlagt eller iverksett tiltak for å fremje likestilling eller for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmer frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet hadde fire møte i 2012. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemnd. Styret hadde fjorten møte i 2012. I tillegg hadde styret ei strategisamling i samband med eit av styremøta og ei synfaring til tilsvarende selskap i Drammen og på Romerike.

FORTSATT DRIFT

Etter styret si vurdering gir den framlagde resultatrekneskapen og balansen med notar eit riktig bilet av verksemda sitt resultat for 2012, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

Resultatet på 15 914 710 kroner fordelast på 13 814 405 kroner til utjamningsfond og 2 100 305 kroner til annan eigenkapital. Av det som overførast til utjamningsfond er 13 333 503 kroner knytt til renovasjon og 480 902 kroner knytt til slam. Totalt er utjamningsfondet for renovasjon 17 438 494 kroner og for slam 528 259 kroner ved utgangen av året. Utjamningsfond er over-/underskot for sjølvkostnenestene renovasjon og slam. Dette er abonnementane sine pengar og skal tilbakebetalast til abonnementane. Tilbakebetalinga skjer ved å justere prisen ein krev for dei ulike tenestene.

Styret vil takke dei tilsette for stor innsats i det året vi har lagt bak oss.

Ålesund 20. mars 2013



Lars Kolbjørn Nogva
(styreleiar)



Linda Strand Kjerstad



Lillian Flem Fylling



Trond T. Lauritsen



Kjell Gode Dyb



Reidar Andresen



Per Langnes
(vara)

Lars Kolbjørn Nogva
(styreleiar)

Linda Strand Kjerstad

Lillian Flem Fylling

Trond T. Lauritsen

Per Langnes
(vara)

Øystein Peder Solevåg
(dagleg leiar)

	Note	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Driftsinntekter		81 056 717	34 549 523
Sum driftsinntekter		81 056 717	34 549 523
Driftskostnader			
Varekostnader		53 906 626	23 520 614
Lønningar, honorar, arbeidsgivaravgift	1, 2	4 860 708	2 749 202
Avskrivinger	4	254 287	80 825
Andre kostnader		6 012 131	3 226 522
Sum driftskostnader		65 033 752	29 577 163
Driftsresultat			
		16 022 965	4 972 360
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekter		720 252	338 589
Rentekostnader		12 407	62
Netto finansposter		707 845	338 527
Ordinært resultat før skattekostnad		16 730 810	5 310 887
SKATTEKOSTNAD			
Betalbar skatt	3, 8	816 100	0
ÅRSRESULTAT		15 914 710	5 310 887
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overført til annan eigenkapital	9	2 100 305	1 158 539
Overført til utjamningsfond	9	13 814 405	4 152 348

BALANSE PR 31.12

NOTAR

EIGEDELAR	Note	2012	2011
Anleggsmidlar			
Driftsløsøre, inventar	4	2 073 207	852 610
Omløpsmidlar			
Fordringar:			
Kundefordringar	5	70 084	366 829
Opptente ikke fakturerte inntekter		2 215 314	0
Tilgode meirverdiavgift		2 907 077	2 004 810
Andre kortsiktige fordringar		35 000	99 672
Sum fordringar		5 227 475	2 471 311
Bankinnskot	6	26 172 793	13 805 174
SUM EIGEDELAR		33 473 475	17 129 095
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital		500 000	500 000
Annan eigenkapital		3 489 172	1 388 867
Utzamningsfond		17 966 753	4 152 348
Sum eigenkapital	9	21 955 925	6 041 215
Gjeld			
Lån Kommunalbanken	7	325 870	407 335
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld		8 360 835	5 056 933
Betalbar skatt		816 100	0
Forskat frå kundar		320 403	0
Offentlege avgifter		501 250	206 193
Pådratte honorar og feriepengar		465 697	699 178
Anna kortsiktig gjeld		727 395	4 718 241
Sum kortsiktig gjeld		11 191 680	10 680 545
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		33 473 475	17 129 095

Lars Kolbjørn Noga
(styreleiar)

Linda Strand Kjerstad

Lillian Flem Pölling

Trond T. Lauritsen

Per Langnes
(vara)

Øystein Peder Solevåg
(dagleg leiar)

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapsskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.
Tenester blir inntektsførte i takt med at dei blir utført.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eit år.
Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.
Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddele

Varige driftsmiddele blir balanseført og avskrive lineært over driftsmiddelet si forventa levetid.
Anleggsmiddel blir nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vere forbigåande.
Vedlikehald av driftsmiddele blir kostnadsført løpende under driftskostnader.
Påkosting eller forbetring blir lagt til driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.
Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/betring blir rekna i forhold til driftsmiddelet sin stand på kjøpstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen, til pålydande etter frådrag for avsetting for forventa tap.
Avsetting til tap, gjerast på grunnlag av individuelle vurderinger av dei enkelte fordringane.

Skatt

Som følgje av at det også blir drive næringsverksamd, oppstår skatteplikt for denne delen av selskapet si verksamd.
Næringsverksamda innan renovasjon inkluderer eigne næringskundar, samt næringskundar som ÅRIM handterer på vegne av kommunane.

I rekneskapen til ÅRIM blir det skilt mellom kostnader og inntekter for slamtømming, hushaldsrenovasjon og næringsrenovasjon. Det blir utarbeidd resultatrekneskap og balanse for ÅRIM, samt tenesteresultat for dei tre tenestene. I rekneskapen er dette gjennomført frå rekneskapsåret 2012.

Fra 2013 vil inntekter og kostnader i hovudsak bli ført på eigne konti for slam, hushaldsrenovasjon og næringsrenovasjon. Inntekter og kostnader som ikke kan knyttaast direkte til ei av tenestene fordelast basert på fordelingsnøklar. Grunnlaget for fordelingsnøklane skal vurderast og oppdaterast årlig.

NOTE 1 - LØNSKOSTNADER

	2012	2011
Løn og feriepengar	3 307 993	1 746 208
Honorar til styret/representantskap	592 025	522 735
Arbeidsgivaravgift	591 838	344 658
Pensjon, gruppeliv og yrkesskade	330 698	114 806
Annan personalkostnad	38 154	20 795
Sum	4 860 708	2 749 202

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Dagleg leiar	Styreleiar	Styret	Representantskap
Løn/honorar	612 455	78 929	355 382	216 650
Ytingar til pensjonsordning	76 092			
Andre godt gjørsle	6 536			
Sum	695 083	78 929	355 382	216 650

Dagleg leiar har ingen etterlønsavtale utover oppseilingstid på 3 månader. Styreleiar har ingen avtale om etterløn.

Verken dagleg leiar eller styreleiar har avtalar om bonusordning. Styreleier har motteke 78 929 kroner i 2012 for styrearbeid. Av dette er 68 667 kroner styrehonorar og 10 262 kroner for ekstraordinært styrearbeid på oppdrag for styret. Selskapet har ikkje aksje- og opsjonsordning retta mot tilsette, det er heller ikkje planar om dette.

I revisjonshonorar er det betalt 13 000 kroner eksklusiv mva. Honoraret gjeld fullt og heilt til revisjon.

Selskapet hadde per 31.12.2012 sju tilsette.

NOTAR

NOTAR

NOTE 2 - PENSJON

Det er etablert ei yttingsbasert pensjonsordning i KLP for alle tilsette. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Totalt er det sju personar i ordninga.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter linær opptening.
Pensjonspremie for året er 343 180 kroner.

Følgjande føresetnader er lagt til grunn, ved berekninga av forpliktingar som er finansiert via KLP.

	31.12.2012	31.12.2011
Diskonteringsrente	3,80 %	4,20 %
Årleg lønsvekst	3,50 %	3,50 %
Årleg vekst i folketrygda sitt grunnbeløp (G)	3,25 %	3,25 %
Pensjonsregulering	2,48 %	2,48 %
Forventa avkasting	4,10 %	4,00 %
Innbetalt premie/tilskot inkludert administrasjon		
Premie kollektiv pensjonsforsikring	267 714	156 089
Reguleringspremie	16 776	4 483
Tilskot AFP 62-64 - utjamning	0	0
Tilskot AFP 62-64 - sjølvrisiko	0	0
Tidleg pensjon - utjamning	31 071	16 402
Tidleg pensjon - Sjølvrisiko	0	0
Bruttagaranti - utjamning	29 261	13 581
Bruttagaranti - sjølvrisiko	0	0
Overføring frå premiefond	-2 787	-1 562
Rentegaranti premie	1 145	493
Avskrive premie og tilskot	0	0
Sum totalt	343 180	189 486

Premiefondet var pr 31.12.2012 på -41 kroner. Renteoverskot for året var -13 kroner.

NOTE 3 - SEGMENTRAPPORT

	Politisk styring		Slam		Næringsrenovasjon	
	2012	2011	2012	2011	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER						
Driftsinntekter						
Driftsinntekter	288 452	247 988	8 639 368	116 411	8 664 579	3 034 892
Sum driftsinntekter	288 452	247 988	8 639 368	116 411	8 664 579	3 034 892
Driftskostnader						
Varekostnader	0	0	7 424 932	0	4 915 364	1 534 546
Løn, honorar, arbeidsgivaravg.	271 130	237 899	458 742	50 209	458 742	251 046
Avskriving	0	0	7 742	340	7 742	1 701
Andre kostnader	15 673	10 089	302 490	23 376	474 294	113 413
Sum driftskostnader	286 803	247 988	8 193 906	73 925	5 856 142	1 900 706
Driftsresultat	1 649	0	445 462	42 486	2 808 437	1 134 186
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER						
Renteinntekter	0	0	36 013	4 872	108 038	24 359
Rentekostnader	0	0	573	1	1 720	6
Ordinært resultat	1 649	0	480 902	47 357	2 914 756	1 158 539
Skattar	0	0	0	0	816 100	0
ÅRSRESULTAT	1 649	0	480 902	47 357	2 098 656	1 158 539
Disponering av årets resultat						
Overført til annan eigenkapital	1 649	0	0	0	2 098 656	1 158 539
Overført til utjamningsfond	0	0	480 902	47 357	0	0

Fortset neste side

NOTAR

Fortsetjing Note 3

NOTE 3 - SEGMENTRAPPORT

		HUSHALDSRENOVASJON		ÅRIM	
		2012	2011	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
Driftsinntekter		63 464 317	31 150 233	81 056 716	34 549 524
Sum driftsinntekter		63 464 317	31 150 233	81 056 716	34 549 524
Driftskostnader					
Varekostnader		41 566 330	21 986 068	53 906 626	23 520 614
Løn, honorar, arbeidsgivaravg.		3 672 095	2 210 049	4 860 708	2 749 202
Avskriving		238 804	78 784	254 287	80 825
Andre kostnader		5 219 672	3 079 645	6 012 129	3 226 523
Sum driftskostnader		50 696 901	27 354 546	65 033 752	29 577 165
Driftsresultat		12 767 416	3 795 687	16 022 964	4 972 359
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Renteinntekter		576 202	309 358	720 253	338 589
Rentekostnader		10 114	54	12 407	62
Ordinært resultat		13 333 503	4 104 991	16 730 811	5 310 887
Skattar		0	0	816 100	0
ÅRSRESULTAT		13 333 503	4 104 991	15 914 710	5 310 887
Disponering av årets resultat					
Overført til annan eigenkapital		0	0	2 100 305	1 158 539
Overført til utjammingsfond		13 333 503	4 104 991	13 814 405	4 152 348

NOTAR

NOTE 4 - ANLEGGSMIDLAR

	Bilprofilering	Inventar	Programvare	Websider	Innsamlingsutstyr	Sum
Innkjøpskost 1.1	124 291	193 340	448 414	167 390	0	933 435
Årets tilgang	0	41 982	0	0	1 432 902	1 474 884
Årets avgang	0	0	0	0	0	0
Akkumulert avskriving	31 181	60 945	131 855	48 803	62 328	335 112
Bokført verdi	93 110	174 377	316 559	118 587	1 370 574	2 073 207
Årets avskriving	24 860	43 935	89 684	33 480	62 328	254 287
Avskrivingssats	20 %	20 %	20 %	20 %	10 %	

NOTE 5 - KUNDEFORDRINGAR

Kundefordringar er fordringar på ÅRIM sine næringskundar i Norddal.

NOTE 6 - BANKINNSKOT

Herav bundne bankinnskot 344 071 kroner.

NOTE 7 - LANGSIKTIG GJELD

Kredittinstitusjon	Bruk	Lånetid	Låneramme	Rentesats	Lånesaldo
Kommunalbanken AS	Fagsystem	5 år	1 000 000	3,15 %	325 870

Det vart i 2012 søkt om lån på 1 700 000 kroner i Kommunalbanken. På grunn av lang saksbehandling var dette lånet ikkje på plass før i januar 2013.

Lån er garantert av eigarkommunane i forhold til eigardel.

NOTAR

NOTAR

NOTE 8 - SKATT

Selskapet har vore i kontakt med Skatt Midt om skatteplikt for næringsverksemda.

	2012	2011
Årets skattekostnad fordeler seg slik:		
Betalbar skatt	816 100	-
Sum skattekostnad	816 100	-
Bereking av årets skattegrunnlag:		
Resultat før skattekostnad næringsdel	2 914 756	-
Skattegrunnlag	2 914 756	-

NOTE 9 - EIGENKAPITAL

	Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Utjamnings- fond	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1	500 000	1 388 867	4 152 348	6 041 215
Årets endring av eigenkapital	-	-	-	-
Årsresultat	-	2 100 305	13 814 405	15 914 710
Eigenkapital 31.12	500 000	3 489 172	17 966 753	21 955 925

	Slam	Hushaldsrenovasjon	Sum
Fond 1.1	47 357	4 104 991	4 152 348
Årsresultat	480 902	13 333 503	13 814 405
Fond 31.12	528 259	17 438 494	17 966 753

Utjamningsfond er abonnementane sine midlar. Eit overskot, eller underskot, skal betalast tilbake, eller krevjast inn, over ei periode på periode på inntil fem år. Dette blir gjort ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

INNSKOTEN EIGENKAPITAL FRÅ EIGARKOMMUNAR

	Innskoten eigenkapial	Del av innskoten eigenkapital
Ålesund kommune	224 000	44,8 %
Ørskog kommune	11 500	2,3 %
Norddal kommune	9 500	1,9 %
Stranda kommune	24 500	4,9 %
Stordal kommune	5 500	1,1 %
Sykylven kommune	40 000	8,0 %
Skodje kommune	20 000	4,0 %
Sula kommune	41 000	8,2 %
Giske kommune	36 500	7,3 %
Haram kommune	46 000	9,2 %
Vestnes kommune	34 500	6,9 %
Sandøy kommune	7 000	1,4 %
	500 000	100 %

Eigarskapen til selskapet blir justert kvart fjerde år, siste gong per 1.1.2012. Neste gong er 1.1.2016.

Eigarforholdet blir justert i samsvar med SSB sin statistikk for folketallet i prosent av folketal i alle eigarkommunane, avgjer eigardelen. Endring i eigarskap blir ikkje handtert som ei endring i selskapsavtalen.

Kommunane er ansvarlege for selskapet sine plikter i forhold til eigardel.

Eigardel i ÅRIM	Folketal 1.1.2012	Eigardel f.o.m. 1.1.2012
Ålesund kommune	44 416	45,218 %
Ørskog kommune	2 202	2,242 %
Norddal kommune	1 738	1,769 %
Stranda kommune	4 602	4,685 %
Stordal kommune	1 026	1,045 %
Sykylven kommune	7 664	7,802 %
Skodje kommune	4 184	4,260 %
Sula kommune	8 256	8,405 %
Giske kommune	7 312	7,444 %
Haram kommune	8 973	9,135 %
Vestnes kommune	6 539	6,657 %
Sandøy kommune	1 315	1,339 %
Sum	98 227	100 %

Alle kommunane er representerte med minst ein medlem i representantskapet. Ved likt stemmetall har møteleiar dobbelstemme.

Fordeling av medlemmer i representantskap:

	Del av folketal	Tal på medlemmer
under 10 %	1	
10-20 %	2	
20-30 %	3	
30-40 %	4	
40-100 %	5	

Til representantskapet i
Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS, som viser eit overskot på kr 15 914 710,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styrer og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit dekande bilet til samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meinings om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meinings om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finanzielle stillinga til Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Postadresse Postboks 7734 Spjelkavik	Besøksadresse Lerstadvegen 545, 4. etg.	Telefon 70 17 21 50	Telefaks 70 17 21 51	Bankkonto 6540 05 00465
6022 ÅLESUND	E-postadresse komrev3@komrev3.no			Foretaksregisteret NO 971 562 587

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Utan at det har betydning for konklusjonen ovanfor viser enkelte poster avvik i forhold til vedtekte budsjettet. Det blir vist til nærmere omtale om dette i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 4. april 2013


Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar


Knut G. Alnes
registrert revisor

ADMINISTRASJONEN SIN RAPPORT

	2012	Budsjett 2012	Avvik	2011
Sum inntekter	81 056 717	84 986 280	-3 929 563	34 549 523
Varekost	-53 906 626	-64 276 448	10 369 822	-23 520 614
Administrasjon og driftskostnader:				
Personalkostnader	-4 860 708	-7 673 770	2 813 062	-2 749 203
Avskrivningar	-254 287	-700 000	445 713	-80 825
Husleige- og kontorkostnader	-296 694	-907 910	611 216	-230 579
Kontorrekvisita og -utstyr	-535 019	-753 967	218 948	-172 795
Tenestehonorar (revisor, rekneskap, konsulentar, etc)	-2 066 454	-2 212 863	146 409	935 153
Informasjon og marknadsføring	-2 144 021	-2 426 100	282 079	-1 213 950
Møte og kurs	-468 141	-481 250	13 109	-215 564
Telefoni og datatenester	-44 687	-174 277	129 590	-64 435
Reisekostnader	-216 299	-320 833	104 534	-112 074
Kontingentar	-187 309	-222 000	34 691	-207 598
Styremøte og representantskap	-33 726	-30 000	-3 726	-28 240
Andre kostnader	-19 782	-3 148 536	3 128 754	-46 134
Sum administrasjon og driftskostnader	-11 127 126	-19 051 505	7 924 379	-6 056 549
Sum kostnadar	-65 033 752	-83 327 953	18 294 201	-29 577 163
Finanspostar	707 845	-204 700	912 545	338 527
Resultat før skatt	16 730 810	1 453 627	15 277 183	5 310 887
Skatt	-816 100	0	-816 100	0
Årsresultat	15 914 710	1 453 627	14 461 083	5 310 887

KOMMUNANE SIN DEL AV EIGENKAPITALEN I SELSKAPET

Eigarkommune	Eierandel f.o.m. 1.1.2012	Del av eigenkapitalen	Del av justerings-fond renovasjon	Del av justerings-fond slam
Ålesund kommune	45,218 %	9 927 966	7 885 288	238 867
Ørskog kommune	2,242 %	492 196	390 927	11 842
Norddal kommune	1,769 %	388 482	308 552	9 347
Stranda kommune	4,685 %	1 028 650	817 005	24 749
Stordal kommune	1,045 %	229 334	182 148	5 518
Sykylven kommune	7,802 %	1 713 075	1 360 610	41 217
Skodje kommune	4,260 %	935 217	742 796	22 501
Sula kommune	8,405 %	1 845 400	1 465 709	44 400
Giske kommune	7,444 %	1 634 395	1 298 118	39 324
Haram kommune	9,135 %	2 005 666	1 593 000	48 256
Vestnes kommune	6,657 %	1 461 612	1 160 886	35 166
Sandøy kommune	1,339 %	293 932	233 455	7 072
Sum	100 %	21 955 925	17 438 494	528 259

MEIR MILJØVENNLEG AVFALLSHANDTERING MED ÅRIM
 ÅRIM arbeider for at folk skal kjeldesortere meir av avfallet sitt. Det vil seie mindre til restavfall og meir til gjenbruk eller gjenvinning. For å oppnå dette må tenestetilbodet utviklast og tilretteleggjast, og kundane treng betre informasjon. Løysingane ÅRIM foreslår baserer seg på lokale og nasjonale målsetjingar. Men viktigast er det at vi får inn alt av avfall som vert produsert i regionen, og at det blir behandla på ein miljøvennleg måte. Særlig gjeld dette farleg avfall som vi vil sette spesielt fokus på i 2014.


NY FORSKRIFT

Ved å vedta ei ny forskrift for avfall og slam, som er lik for alle kommunane i ÅRIM, vil arbeidet til ÅRIM bli vesentleg letta. Det gjer at vi kan konsentrere arbeidet om det som er viktigast; å gje kundane betre, og mest mogleg like tenester og tilbod. Mykje av arbeidet i ÅRIM i 2013 vil gjelde utvikling av alle dei bemanna miljøstasjonane, før vi mest sannsynleg tek over ansvaret for denne delen av tenestetilbodet frå 2014.

UTVIKLING I HUSHALDSAVFALLET I KOMMUNANE

Stolpediagrammet viser utviklinga i hushaldsavfall i kilo, for ein innbyggjar i ÅRIM-kommunane i perioden 2008-2012. Tabellen viser og endringa i fordelinga mellom avfall som var kjeldesortert, og restavfall til forbrenning dei fem siste åra. I 2012 vart 157 kilo

Hushaldsavfall




per innbyggjar i ÅRIM-regionen sortert ut og gjekk hovudsakleg til materialgjenvinning. Det er omtrent som i 2011. At endringa er så litra kjem blant anna av at vi ikkje har tatt med tal for innsamla og ombruk av klede i 2012, noko vi gjorde i 2011.

Ei betre sortering av avfallet så nær kjelda som mogleg gir som resultat, at ein større del av avfallet går til ombruk eller materialgjenvinning. I tabellen på side 38-39 ser vi at den totale mengda avfall til materialgjenvinning aukar; så det nyttar!

Samla mengde hushaldsavfall i 2012 var litt over 41 400 tonn. Dei tre første åra er basert på tal frå Kostra, medan vi for 2011 og 2012 har eigne tal. Sjølv om dei totale avfallsmengdene held fram med å auke, er ikkje det det same som at

avfallsproduksjonen i regionen også aukar. Sett i forhold til landsgjennomsnittet ligg vi under nivået for 2011. Her må vi arbeide for å legge forholda slik til rette at det som vert produsert vert tatt hand om.

ÅRIM legg stor vekt på å auke mengda avfall som sorteras ut til material- og energigjenvinning. For å få ein best mogleg effekt av dette har vi i 2012 framleis fokus på innsamling av plast. Vi har og sett ut fleire konteinarar for hytterenosjonen i dei kommunane som har dette tilbodet. No har alle stader med hytterenosjon tilbod om å levere papir i tillegg til restavfall. Det er eit arbeid vi ynskjer å fortsette med. Kjeldesorteringa stoppar ikkje ved kjøkkenbenken heime, men bør og vere naturleg i alle hyttene i regionen.



1. AVFALLSREDUKSJON: Mål ein er å redusere avfallsmengda. Dagens mål er at veksten i avfallamengdene skal vere lågare enn den økonomiske veksten.
2. OMBRUK: Mål to er å bruke ting om igjen framfor å kaste
3. MATERIALGJENVINNING: Mål tre er at material som er brukta ein gong blir brukta på ny gjennom materialgjenvinning. Dette betyr meir avfall til gjenvinning.
4. ENERGIUTNYTTING: Vi kan brenne avfall og utnytte varmen som energi
5. MINST MOGLEK AVFALL PÅ DEPONI (FYLLING): Frå 1 juli 2009 vart det forbod mot deponering av nedbrytbart avfall i Noreg.

AVFALL FRÅ HUSHALDNINGAR I TONN	2008	2009	2010	2011	2012		TYPE GJENVINNING	LEVERAST TIL	BRUKAST TIL
Papir, papp, drikkekartong	4 898	4 891	4 594	5 109	4 935		Material	Norsk Gjenvinning	Avispapir/emballasje
Glas	582	688	582	783	688		Material	Norsk glassgjenvinning	Emballasje/isolasjon
Plast	59	91	84	184	603		Material, energi	Grønt punkt	Plastprodukt
Metall	1 340	1 342	993	1 224	1 628		Material	Div. metallreturfirma	Metall
EE-avfall	555	760	627	856	998		Material	Renas/El-retur/ERP-Norway	Metall/energi/diverse
Treavfall	1 741	2 825	2 775	4 405	2 667		Energi	Forbrenningsanlegg	Fjernvarme/elektrisitet
Park- og hageavfall	2 969	2 023	2 467	1 895	3 078		Kompost	Eigenregi	Toppdekke deponi o.l.
Farleg avfall	206	416	611	676	1 075		Destruksjon/energi	Diverse firma	Energiproduksjon
Til materialgjenvinning totalt	12 350	13 036	12 733	15 132	15 672				
Restavfall til forbrenning	19 424	21 402	21 612	24 118	24 964		Energi	Tafjord Kraftvarme AS	Fjernvarme/elektrisitet
Til deponi, eksport o.l.	4 434	2 033	4 551	1 339	788		Deponi/energi	Eigenregi/forbrenningsanlegg	Deponi/energi
Hushaldsavfall totalt	36 208	36 471	38 896	40 589	41 424				

Tabellen viser endringane i dei ulike avfallsmengdene dei siste fem åra, samla for alle kommunane i regionen. Den viser og korleis den enkelte fraksjon hovudsakeleg blir gjenvunne, og kven som gjer det for oss. For ÅRIM er det viktig at mest mogleg av avfallet går til ombruk eller materialgjenvinning. Dette vil alle tene på, særleg klimaet. Det er også viktig å sette fokus på det farlege avfallet. Jo betre ordningar vi har, dess større del av det farlege avfallet blir tatt vare på og går til rett behandling. Slik vil ein unngå å forureine dei andre avfallstypane.

SLAM

Etter at ÅRIM tok over ansvaret for tømming av slamavskiljarane i 2012, har vi brukt mykje tid på å inngå nye og langsiktige kontraktar med entreprenørar i marknaden. Til slutt var det selskapet Miljøservice, med hovudkontor i Stryn, som fekk avtalane for alle kommunane i ÅRIM. Dei har hatt det same oppdraget i dei fleste av kommunane også tidlegare.

I 2012 vart 6 352 slamavskiljarar tømt på ordinær rute. I tillegg var det utført 470 ekstratømminger. Totalt vart det tømt 23 372 m³ slam, der det meste vart avvatna på staden. Det

gjer at ein slepp å frakte store mengder vatn, noko som er den mest miljøvennlige måten å handtere slammet på. Alt avvatna slam gjekk til kompostering.

Til saman vart det meldt om 871 manglar på dei slamavskiljarane som vart tømt. Mange har så store manglar at avlopet gjekk ureinsa ut i naturen. Fleire slamavskiljarar vart ikkje tømt sidan eigarane ikkje grov fram lokket til tankane. Fulle slamavskiljarar som ikkje vert tømt vil føre til forureining av naturen og er ikkje i tråd med dei utsleppsløyva som eigarane har fått.


KLIMAREKNESKAP I ÅRIM

ÅRIM stiller strenge miljøkrav ved innkjøp av produkt og tenester. Selskapet har utarbeidd ein klimateknescap for året som har gått. Her har vi tatt utgangspunkt i dei mengdene avfall som vi og våre samarbeidspartnarar har tatt hand om. Det er slik at sjølv om ein sparer mykje energi ved å gjenvinne til dømes plast og metall, må ein også bruke ein god del energi, utstyr og andre ressursar for å kjeldesortere, samle inn, sortere, transportere og bearbeide plasten før gevinsten kan takast ut. Det gjeld også alle dei andre materiaala i avfallet.

Totalt kan vi difor sette opp eit stolpediagram som synleggjer dette:

Østfoldforskning har gjort ei livslaupsstudie på fleire avfallstypar for Avfall Norge der ÅRIM er medlem. Nokre av resultata frå denne studia har vi brukt saman med tal frå andre studiar for å berekne dei totale klimapåverknadane frå alt det vi har gjort.

Som vi ser, så har verknadane av plastinnsamlinga i 2012 saman med auka mengder gjenvunne metall, slått positivt ut med ein større gevinst som igjen gir eit betre resultat. Det er likevel ein lang veg å gå før vi blir klimanøytrale. Ein viktig føresetnad i dette arbeidet, er det alle abonnentane gjer med å sortere og hjelpe oss å samle inn avfallet.





JA, det nyttar

ÅRSMELDING 2012



ÅRIM - Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS.

Langelandsvegen 1 - 6010 Ålesund - post@arim.no - 70 16 41 80 - arim.no - org nr. 994 717 286